

Vegen mot inkluderande utdanning har starta i Zambia

«Kurset er innhaldsrikt, og undervisninga kjem til å bli betre» seier Edwin Katapazi som er ansvarleg for spesialundervisning i distrikta Livingstone og Kazungula. Han har fått opplæring i inkluderande utdanning som del av NFU og NHF sitt program i Zambia, og er del av eit team av ressurspersonar som skal gi opplæring til alle lærarar i seks pilotskular. Elise Bjåstad, bistandsrådgjevar i NFU, tok ein prat med to av teammedlemmane då ho var til stades under kurset dei heldt på Shungu skule i Livingstone i mars 2016.

TEKST OG FOTO: ELISE BJÅSTAD

Zambia har nyleg skifta retning innanfor utdanning, frå spesialskule, som aldri blei fullt utbygd mykje grunna kostnaden det ville innebære, til inkluderande utdanning. Eit forstudie blei gjennomført tidleg i 2015, som gav råd om korleis ein best kunne gå fram for å introdusere denne nye tilnærminga. Basert på kriterier definert av forstudiet blei to pilotskular i kvart av dei tre distrikta utvalde. Heile skulesamfunnet har vore delaktig i ein bevisstgjeringsprosess som har lagt grunnlaget for at praktisk opplæring av nøkkelpersonar kunne starte tidleg i 2016. Dette er eit område der organisasjonar ikkje er sterkt etablerte enda, men mobilisering rundt inkluderande utdanning har ført til at foreldregrupper har begynt å ta form.

CBID-programmet har med teknisk støtte frå Enabling Education Network (EENET) fått utvikla ein opplæringsmodul på inkluderande utdanning som utfordrar lærarar til å tenke nytt om si rolle i klasserommet. «Framgangsmåten og metodane er nye og nyttige. Det er praktisk. Dette vil kome alle elevar til gode. Det har fått oss til å møte vore eigne barrierar». Edwin Katapazi er full av lovord, og meiner endringane vil bli raskt tydeleg. Han nemner tre viktige endringar som han trur vil kome som resultat av opplæringa. Først og fremst så vil undervisninga bevege seg frå lærar-



Aubrey Moono (Charles Lwanga College of Education) og Edwin Katapazi (District Education Board Secretariat) skaper entusiasme blant lærere for inkluderande utdanning.

sentrert til elev-sentrert, som er eit ganske radikalt skifte. For det andre så vil motivasjonen til elevane endre i takt med at dei i større grad blir sett av læraren. «Små ting som det å høyre at læraren kjenner til namnet sitt vil auke motivasjonen til elevane» forklarar han. Den tredje endringa Katapazi ser for seg som konsekvens av opplæringa

er at elevane i større grad vil akseptere andre medelevar uansett kva situasjon dei er i.

Opplæringa startar i det små med lærarane i dei seks utvalde pilotskulane. Planen er å gradvis rulle den ut til andre skular i distriktet. Kvart distrikt har fleire ressursenter, og desse blir sentrale i dette arbeidet. Stab frå fleire

av lærarhøgskulane i området har også vore involverte i utvikling av opplæringsmodulane, og er del av teamet av ressurspersonar som har blitt etablert. Aubrey Moono frå Charles Lwanga lærarhøgskule er blant kurshaldarane på Shungu. Denne lærarskolen var tidlegare del av eit Redd Barna-prosjektet som skulle styrke kvaliteten i den pedagogiske utdanninga. Moono kan fortelje at linken mellom pedagogikk og inkluderande utdanning ikkje blei gjort i samband med prosjektet. Dette er mellom anna tydelege i spesialpedagogikkstudiet, som krev at studentane vel å spesialisere seg på å jobbe med hørselshemming, synshemming eller andre spesialiserte retningar retta mot spesialskulestrukutrar. Med bakgrunn i den nye opplæringsmodulen ser Moono at dette bør endrast over tid. Det er interesse for å dra nytte av tilnærminga brukt av CBID-programmet for å bygge inn inkluderande utdanning i lærarutdanninga etter kvart.

I samarbeid med NFU har EENET også utvikla ein tilsvarande modul på Zanzibar. Både i Zambia og på Zanzibar er det forventna å bygge vidare på denne basismodulen i dei neste åra, både gjennom å utvide innhaldet og å ta den i bruk på andre nivå i skulen.

CBID-programmet i Zambia

I tett samarbeid med den Zambiske stat har NFU og NHF sidan 2012 jobba med å bygge opp eit lokalbasert inkluderande utviklingsprogram (Community-Based Inclusive Development eller CBID) i Southern Province i Zambia, med base i Livingstone. Fram til 2015 har hovudfokuset vore bevisstgjerjing og opplæring av relevante statleg tilsette frå landsbynivå oppover til nasjonalt nivå om CBID og korleis inkludere personar med nedsett funksjonsevne i tenesteyting. Programmet blir i første omgang prøvd ut i tre distrikt; Livingstone, Kazungula og Zimba. 2015 markerte starten på det første tematiske underprosjektet, nemleg inkluderande utdanning.

Utdanning gjenoppretter en families verdighet

Esther Wandi (33) bor i Chawama, en viltvoksende urban bosetning sør for Lusaka. Hun er en ung enke og mor til to gutter. Hennes siste sønn Peter Mbewe ble født i 2008, tre år før hun mistet mannen sin.

TEKST OG FOTO: CHARITY TEMBO, PROSJEKTOFFISER I ZAPCD. OVERSATT TIL NORSK AV ELISE BJÅSTAD

Alt så ut til å være fint, men etter hvert som han ble eldre begynte hun å observere endringer i oppførsel. Han hadde vanskeligheter med å uttrykke seg og ble aldri værende på ett sted. Etter legeundersøkelser gikk det opp for henne at sønnen hadde en utviklingshemming.

Esther måtte stoppe sin forretningsvirksomhet på markedet for å fokusere på å ta vare på sønnen sin. Før Esther ble med i støttegruppen for foreldre av barn med nedsatt funksjonsevne (ZAPCD) i 2012 visste hun ikke at hennes sønn hadde rett til utdanning og gratis helsetjenester.

I dag går Peter i førskole ved St Lawrence School, en skole drevet av den katolske kirken.

"Helt siden jeg fikk Peter registrert i skolen i fjor har det vært en bemerkelsesverdig forbedring i vårt hjem. Peter vokser og lærer. Før han begynte å gå på skolen pleide Peter å blande sukker og vaskemiddel, men nå er han i stand til å skille ulike produkter i huset og har stor interesse for elektroniske apparater som kameraer og datamaskiner."



Esther og Peter Wandi.